

God sumar kjære sambygdingar!

Jammen har det vore ein travel vår, og mine intensjonar om å skrive meir jamleg har ikkje vore lett å innfri! Her kjem uansett ei sumarhelsing til dykk med eit blikk på alt det som skjer på og i Gol.

MARS:

Gol kommune tok for alvor ballen frå Idrettsfritidsordninga (HFK, Hallingdal Fotball Klubb) om å setja uss ned og få til eit samarbeid, spesielt i forhold til tilbod i ferietid. Det var eit flott initiativ som me no i vår har sett har skapt eit tilbod der kommunen og IFO samarbeida om ei ferieordning.

Masterplanarbeidet har også vore prioritert, og i mars tok me på alvor signalet frå næringslivet der dei var tydelege på at ein teltplass til større arrangement vil bli nødvendig i framtida då dei har fått signal på at ein ikkje kan bruke Gord-tomta mykje lenger. Då sette arbeidsgruppa to arkitektar på saken og gav dei fritt spelerom innanfor eit sentrumsnær areal. Dette resulterte i to skisser som vil ligge ved utgreiinga til Masterplan for Hallingmo. Det er opp til næringslivet om ein skal gå vidare med ei av skissene. Den ferdige rapporten vil bli handsama av styringsgruppa, rett etter sumaren.

Eg fekk væra med på eit arbeidsmøte med konfliktrådet i mars som var svært informativt. Me har nokre engasjerte dyktige mennesker som driv dette arbeidet i og for Hallingdal. Alle relevante aktørar deltok og me fekk ei ny forståing for korleis me meir aktivt kan bruke konfliktrådet.

Fag forbundet hadde sitt årsmøte på Storefjell Hotell i år, og eg vart invitert til å delta, også med ei helsing. Det er flott at Gol vert brukt som ein naturleg kurs og konferanseplass, midt mellom Oslo og Bergen. Storefjell ligg også slik til at gjestane kan få nyte vår flotte natur når dei tek pause i eit travelt kurs eller ei travel konferanse. Gol er slik eit naturleg val!

Regionrådet reiste i mars til Ålesund på Byregionsamling. Her vart me utfordra til å delta som ein del av programmet, der eg skulle være ein av debattantane til innlegga og Ulrikke (adm. tilsett i Regionrådet) skulle være ein av to som oppsummerte konferansa. Som ein ekta halling utfordra eg ein direktør frå oppdrettsnæringa som i sitt innlegg ynskte seg ei 3D strikkemaskin til å laga fiskenoter. Eg spurde henne om ikkje Hallingdal, med sitt veksande næringsliv og areal kunne væra eit passande vertskap for ei slik verksem. Ho svara som sant var at ved kysten er det utfordrande å setja opp større næringsbygg og at det var ein interessant tanke. Tenk om oppdrettsnæringa ved kysten, kunne kome til Hallingdal? Ein interessant tanke!

Som ein del av å være folkevalgt går med igjennom ei opplæring i byrjinga av vår periode, men me har og høve til å ta ein status og læra meir litt ut i perioda. Me fekk besøk av KS som drog uss igjennom gode diskusjonar og kommunestyret kom med fleire forslag om korleis me kunne bli endå betre som kollegium.

To gonger i året møtast kommunestyret til samlingar. Den eine er på hausten og er ei budsjettkonferanse, medan den er andre er ei økonomi og strategikonferanse som me har på våren. Nytt av året var å leggje til rette for fleire strategiske diskusjonar saman med den økonomiske oversikta i kommunen. Ei produktiv samling der me også klarte å starte arbeidet med revideringa av samfunnssdelen (tekstdelen) av kommuneplanen.

Hausten 2016 kalla eg inn til ei Frivilligheitskonferanse, og der var me einige om at me ville ha faste konferansar, ei gong i halvåret. Denne gongen kalla Frivilligheitsentralen inn til konferanse, og me hadde ei idémyldring for korleis me betre kan samarbeide, samordne og skapa meir aktivitet i det frivillige i kommunen. Ein viktig møteplass har det vorte og ein viktig møteplass vil det vera i framtida.

Regionrådet jobba spesielt med ei internasjonal sak i sitt møte denne månaden. Me hadde møte med filmskaparen Hallgrim Haug som sat huset sitt i Los Angeles mens Regionrådet befant seg langt inne i Grøndalen, via Skype. Temaet for møtet var korleis Hallingdal kan bli ein filmvennleg region. Det er sikkert mange som hugsar Star Wars filminga på Finse i si tid, og tru det eller ei, det kjem fortsatt folk til Finse, berre for å sjå denne filmlocationen. Me veit godt kva landskap og scenario me finn Hallingdal, men veit Hollywood det? Me har ein ambisjon om å koma inn på denne marknaden då det ligg stor betalingsvilje i bransjen, meireffektar med auka turisme i etterkant samt at ein filmdestinasjon får ei unik reklame ved å være ein del av ein filmproduksjon.

#### APRIL:

Nybrotsarbeid: Grøn dag i Hallingdal, konferanse om framtida. Goodt oppmøte, mange idear og ikkje minst påfyll av kunnskap når det gjeld grøn utvikling. Eg tør å påstå at dette ikkje blir den siste gongen Hallingdal sett dette på dagsorden.

KS sitt kommunalpolitiske toppmøte gjekk av stabelen i hovudstaden med tilhøyrande middag i rådhuset der Kongen og Dronninga deltok. Toppmøte tok føre seg temaet «innanforsk» i motsetning til men i samanheng med temaet i 2016 «utanforsk». For meg var høgdepunktet då eg vart plukka ut som ein av 10 ordførarar som skulle få møte og konversere med Kongen og Dronninga til desserten i Rådhuset. Sjølv om eg ikkje fekk fram eit einaste ord når eg skulle helse på Kongen, gjekk det betre når eg fekk konversere med Dronninga. Då vart eg verkeleg varm i trøya og tok sjansen på endå ein prat med Kongen der eg faktisk fekk fram nokre ord om Gol, Hallingdal og bunaden vår.



Påska kom fort, og med påska kom også invitasjonen til å delta på Røde Kors sitt arrangement i tilknyting til det arbeidet dei legg ned på Golsfjellet i påska. Det er verkeleg prisverdig, den jobben dei gjer for å halde påsketuristane trygge i fjellheimen kvart einaste år, frivillig. Saman med dei andre ordførarane i Hallingdal kom også Jonas Gahr Støre som har sterke band til Røde Kors, og jammen vart det tid til ein lang prat om diverse viktige sakar for Hallingdal under lunsjen.



Ein av dei tinga kommunestyret bad om på økonomi og strategikonferansa var at Gol kommune måtte bli betre på kommunikasjon innad og utad. Kommunikasjonen innad er først og fremst ei oppgåve for administrasjonen, men kommunikasjon utad er ei oppgåve eg har fordjupa meg i. Me har no sett på ulike oppsett for korleis eit nyheitsbrev, eller ei kommunal info avis kan formast for Gol, i samarbeid med andre paraplyorganisasjonar i kommunen. Utprøvinga av dette vil skje til hausten.

Hallingtreffet i Oslo gjekk av stabelen denne våren som tidligare, og med godt oppmøte. Me fekk sjansen til å fortelja om Hallingdal og dei moglegheitene som ligg i å bu og arbeide her, medan nysgjerrige, framtidige innbyggjarar fekk høve til å spørje oss meir inngåande om det dei undra på. Eit godt tiltak som gir effektar! I alle fall ein ny familie til Hemsedal vart resultatet etter dette treffet!



På Fylkesmannens ordførar og rådmannskonferanse fekk rådmannen og eg høve til å fortelje om vårt utviklingsarbeid i skulen. Sjansen til å fortelje gir oss stadig fleire attendemeldingar som me legg til grunn i arbeidet. Neste førespurnad har kome i frå Numedalskommunane som vil ha eit innlegg på si strategiske skulesamling til hausten!

Rett før eg reiste til denna konferansa var eg invitert til Seniordansen på Gol sitt jubileum. Her fekk me danseframstilling og informasjon om det arbeidet dei legg ned. Ikkje berre er dette ein møteplass for dans, men det er i høgste grad ein sosial møteplass, og det var lett å sjå kor mykje glede denne aktiviteten skapar. Denne aktiviteten held dei eldre aktive, og har slik ein direkte effekt på folkehelsa i Gol. Fleire er aktive, fleire er sosiale og fleire kan fortsetta å bu heime! Gratulerer!



Sist i månaden hadde me Hallingting på Torpomoen der me gjorde to særskilt viktige ting.

## 1. Me vedtok ein ny strategisk plan for Hallingdal!



## 2. Me fekk informasjon om ei eventuell nyetablering av ei alternativ vidaregåande skule i Hallingdal!

Ei slik nyetablering vil i så fall bli den største dei siste 50 år. 80 nye arbeidsplassar og dobbelt så mange innbyggjarar. Dette kan bli verkeleg stort! Regionrådet følgjer prosessen vidare som styringsgruppe i samarbeid med aktøren Krokeide VGS (Stiftelse)

MAI:

I mai rulla med nok ein gong ut undervisningsopplegget til «Vårt lokalsamfunn» der våre eigne folkevalte går inn som lærarar i 4 klasse og underviser i temaet. Eg har fått vore med å gjort dette tre år på rad, og det er verkeleg ein av dei beste opplevingane kvar gong. Elevane er alltid førebudd, og har mange kritiske og gode spørsmål! Undervisningsopplegget sluttar med ei synfaring på kommunehuset samt eit kommunestyremøte for elevane i kommunestyresalen der dei argumentera og votera over ei sak, i år over namnet på den nye fleir brukshallen. Takk til skulen som invitera oss folkevalte inn til elevane og hjelpe oss så godt dei kan!

Som kommune har me eit ansvar i forhold til beredskap. Og i mai hadde me ei øving der me verkeleg fekk brynt oss. I godt samarbeid med politiet fekk me til ei realistisk øving der me gjorde oss mange viktige og gode erfaringar. Slike øvingar er heilt uunnverleg for kommunen.

Mai månad er på mange måtar den månaden der dei fleste generalforsamlingane og representantskapsmøta går av stabelen, og eit spesielt morosamt møte var generalforsamlinga til VINN AS som er eit kommunalt eigd selskap. Dei hadde i år fått diplom for Norske Vaskeriers Kvalitetstilsyn for 2016. Diplomet heng svært høgt og delast kun ut til dei vaskeria som ikkje har fått avvik gjennom heile året! Gratulerer!

Regionalt jobba me vidare med ei plan for regionale idrettsanlegg, og arbeidet går no mot ein sluttrapport som vil syne kva for anlegg som har moglegheiter og vilje til å få regional status og ikkje minst kva anlegg me totalt sett har i regionen vår. Ein ting er i alle fall sikkert, me har gode moglegheiter for å væra aktive i Hallingdal! Rapporten blir handsama i Regionrådet over sumaren.

Ei anna artig oppdrag var å få væra med på opninga av Coop Extra på Gol i mai. Endå fleire arbeidsplassar i handelsstanden i Gol gir oss tyngde. Og endå eit daglegvaremerke gir oss fleire valmoglegheitar. Det trur eg også at turistane set pris på. Lykke til vidare!

I vår har me arbeida mykje med Gol kommune sin energi og klimaplan, og den byrjar å bli klar for å sendast ut på høyring. Me har gått igjennom fleire områder i kommunen og kome med forslag til kva

slags tiltak me som kommune kan gjera for å setja fokus på og arbeide med for å tenkje meir på energi og klima.

Som ein naturleg oppfølging etter beredskapsøvinga hadde me eit beredskapsrådsmøte i mai der alle aktuelle partar samlast og gå igjennom kva for oppgåver me alle har i høve til beredskap samtidig som me ser på aktuelle samarbeidsarenaer.

Regionrådet besøkte også Statens Vegvesen for å høre korleis ein kan jobbe konstruktivt med vegpakke Hallingdal. Det gav frukter, spesielt når nettopp dette prosjektet vart nemnt i Nasjonal Transportplan som vart vedteke i juni.

På Nesbyen vart det halde eit felles folkehelseforum for Hallingdal. Ei særsviktig og interessant samling der ein gjekk igjennom blant anna Ungdata undersøkinga som viser kva ungdommene svarar på aktuelle spørsmål samt at temaet barnefattigdom var tatt opp. Her kom det mykje inspirasjon til korleis ein kan jobbe meir spesifikt med dette temaet i alle kommunane samtidig som me fekk eit godt innblikk i kva ungdommene vår peikar på av utfordringar i sine miljø.

I representantskapsmøte i Hallingdal Kraftnett fekk me ei god orientering om drifta, og ikkje minst ei god nyheit der HKN har bestemt seg for å fortsetja med utbygging av fiber, også i mindre sentrale strøk. For Gol gjeld dette blant anna Åsgardane. Dette hadde vore uaktuelt for ein større aktør å gjera då det ikkje vil utgjera ei forteneste, men ei utgift. Flott at me kan bruka vårt eiga selskap til å utvikle fiber for heile Hallingdal!

Den fyrte 17. mai feiringa på Gol nye skule vart verkeleg bra! Veret slo til, ungane kosa seg og bygda vart på nytt farga i raudt, kvitt og blått. I tillegg hadde lauvet sprette, noko som gjorde bygde frodig og fin. Takk for ei flott feiring!



Til slutt i mai fekk kommunen ei synfaring på ei gøynt perle i Gol, Myklefossen Kraftstasjon. For eit arbeid som er lagt ned, og for ein fantastisk flott plass. Me vart einige om å finne ut korleis ein kan vise fram denne perla betre og halde det ved like.

I månadsskifte reiste Regionrådet til Nordfjord for ein gjenvisitt. Me tok imot dei hausten 2016 og gav dei informasjon om kva me jobba med i Hallingdal og kva me tenkte for framtida. No var dei klare til å ta imot oss for å fortelje si historie. Ein slåande likhet mellom regionane er det, og mange av områda er overførbare mellom oss. Me ynskjer å lære og bli endå betre, det same ynskjer Nordfjordrådet, og slik ser me det som eit fruktbart samarbeid i ein venskapsregion. For Gol sin del henta eg masse inspirasjon i ei samanliknbar kommune, Eid. Mange av dei ideane som kom under besøket er allereie formidla vidare til aktuelle partar, både kommunen og Visit Gol, blant anna.



#### JUNI:


For å forstå kva som kan koma i nyetableringa av ei alternativ vidaregåande skule i Hallingdal reiste Regionrådet på synfaring til Krokeide VGS rett utanfor Bergen. Det gav oss eit innblikk i kva skulen dreier seg om, og kva som må til for å få til ei slik etablering i Hallingdal. Vegen vidare fram til endeleg avgjerd i desember 2017 skal eg prøve å oppdatere på.

Endå eit foredrag i regi av Gol kommune angåande skuleutviklinga var helde på Utanningsdirektoratet si Veilederkorpssamling på Lillestrøm i byrjinga av månaden.



Siste kommunestyremøte før sumaren hadde me 13 juni. Eit møte som byrja 18 og vara til 24. Jammen har me engasjerte og produktive folkevalte i Gol kommune. Årsmelding, årsrekneskap, tertialrapport og 16 andre sakar stod på sakslista. Hugs å gå inn på kommunen si heimeside for å sjå kva sakar me har opp til behandling, 10 dagar før sjølve møtet. Tilslutt ynskte eg kommunestyret god sumar og bad dei samle krefter til ein travel haust!

Som eit sikkert sumarteikn kjem også skuleavslutningane. Eg vart igjen beden om å halde ei lita tale til avgangselevane ved Gol nye skule. I år, også det fyrste kullet til å gå ut frå den nye skulen. Kvelden vitna om ei særskilt godt kull med mykje felleskap, glede og kreativitet. Gratulerer alle saman, og lykke til vidare. Og som eg sa i tala; De era alltid vælkømne heimatt!!



Som ein del av representantskapsmøte i Hallingdal Renovasjon fekk me oppdatert informasjon om bytte av søppeldunkar i Hallingdal. Eg oppfordrar difor om at de kikkar på selskapet si heimeside eller facebookside for meir informasjon om de treng det.

Eit dagstur, ja det stemmer, dagstur, til Trysil for å bli sykkelinspirert vart det og tid. Visit Gol tok initiativ til at aktuelle partar tok turen for å sjå korleis me kan gjera vår del av arbeidet med å bli ein sykkeldestinasjon i Hallingdal. Vår sentrumsnære park ved tennisbanen skal få ein makeover om ikkje lengje. Litt seinare i juni kom nyheita om midlane Sparebank 1 Hallingdal gir til sykkelutvikling i sentruma for Hallingdal. Dette vil koma særskilt godt med, for mange. Eit lyft for sykkelutvikling!

#### STATUS PÅ STØRRE SAKAR:

Skattekontoret – stengt frå fyrste juni men Regionrådet arbeidar vidare med å gjenopne kontoret. Me fekk ikkje gjennomslag i Arbeiderpartiet denne gongen men me har ikkje tenkt til å gi opp kampen enno.

Felles rettscenter – møte med statsekretær i vår for å få opne opp att forhandlingane med domstoladministrasjonen med delvis hell. Saka jobbast kontinuerleg med frå Regionrådet si side.

Nærpoliti – politikontakt utdelt på ein litt anna måte i Hallingdal (del av gamle Nordre Politidistrikt) enn andre distrikt. Møter med politiet for avklaringar om korleis politikontakten og politistyrken forøvrig skal organiserast og fungere vart helde på tampen våren, men det er ynskjeleg å halde eit politiråd i Gol kommune i haust for å få betre oversikt.

Regionreforma – fylkestinget i Buskerud gjekk ikkje inn for den nye regionen «Viken» til tross for intensjonensavtala, men Stortinget har vedteke den nye regionen. Denne vil trå i kraft 01.01.2020.

Kommunereforma – ingen nye samtalar eller utgreiingar, men Gol kommune vert tildelt ein kompensasjon årleg på rundt 342 000 i overføringane frå staten fordi fleirtalet i kommunestyret sa ja, medan Nesbyen sa nei til samanslåing.

#### BRACEBRIGDE:

Før sumarferien kunne starte reiste ein delegasjon frå Gol kommune til Bracebridge, Canada. Me har ei venskapsavtale med denne kommunen grunna vår felles historie som strekk seg attende til andre verdskrig.

Under andre verdskrig sendte Norge personell til Canada for å gjennomføre pilottrening for så å returnere til krigen og delta i strid. Under opphaldet heldt dei til ved Muskoka Airport som seinare har fått namnet «Little Norway Muskoka Airport». Her gjennomførde dei sjølv pilottreninga. Dei budde på ein leir laga i tømmer litt nord for flyplassen som vart kalla «Vesle Skaugum». Her budde dei under opphaldet og trena i tillegg til pilottreninga. Etter krigen fant Luftforsvaret ut at dei ynskte å setja opp ein rekreasjonsfasilitet for veteranane som deltok i krigen. Dei fann ut at Golsfjellet var ein passande plass å setje dette bygge på, og same arkitekt som teikna «Vesle Skaugum» i Canada, teikna også Vesle Skaugum som den dag i dag står på Golsfjellet ved Oset Høgfjellshotell.

Historia er vitna og anerkjent av både Konge, Dronning, Kronprinsar og Jens Stoltenberg for å nemne nokre, både i Canada og her i Norge på Golsfjellet.

Dette samarbeidet og historia har Gol kommune valt å halde i live saman med Bracebridge kommune. Me skal aldri gløyme, og me har eit ansvar for å forvalte historia til dei neste generasjonane. I 2013 sendte Gol kommune ein ungdomsdelegasjon til Bracebridge kommune

medan Bracebridge kommune sendte ei ungdomsdelegasjon til Gol kommune i 2015. I venskapsavtala er dette eit av punkta med har avtala og samarbeide om.



Den siste turen no i 2017 tok for seg kva utviklingsområder i avtala me skal gå djupare inn i. Det var ein travel men givande tur i 2017, og me fann mange likheiter og utviklingspotensialer mellom kvarandre. Litt bilder frå turen ligg under:



Og med det vil eg ynskje alle sambygdingar ein riktig god sumar!



Som tidlegare år var eg i år invitert att te Kartellkonferansa på Pers Hotell for å ynskje deltagarane velkommen til Gol. Og eg nyttå då sjansen både til å promotere vårt fantastiske og julepynta sentrum samt dei nye satsingane våre med arkitektonisk og kunstprega skule og fleir brukshall. Ei tradisjon har det vorte og det høyrer fint til slik oppunder jul!



Tusen takk til Gol Ungdomsråd og Martin Kilmark ved Gol Idrettsarena som for fyrste gong i år arrangerte Open Hall i den nye fleir brukshallen!

Det var på eit tidspunkt heile 80 ungdommar innom, og det var utruleg flott å sjå koss dei fekk utfolde seg i alt frå klatring, gymnastikk, ballspel, videospel og mykje mykje meir i den flotte hallen vår. Dette var verkeleg eit vellukka tiltak som eg vonar vil bli oftare og fast. Det er tydeleg at ungdommen ynskjer seg denne uorganiserte aktiviteten og at den famnar breitt. Flott Gol Ungdomsråd😊

Dei siste dagane i november var brukt til å gjennomføre ei synfaring samt ei orientering for representantar frå Kokeide, skula i Bergen som vurdera ei etablering her i Hallingdal. Då dei kom til Gol stod me klare til å ta imot dei med opne armar i Gol Idrettsarena. Der fekk dei både informasjon og ein aldri så liten filmsnutt som skulle setja dei inn i kva Gol er og kva Gol kan tilby både elevar og tilsette ved ei ny skule i Hallingdal. Dag to reiste me på ei synfaring og me valde å vise bort Gol gamle skule samt Glitrehaug. Attendemeldingane var at Hallingdal total sett hadde vist seg å by på mange moglegheitar men dei kunne ikkje gå inn på noko meir spesifikt enn det på dette tidspunktet. Me ventar i spenning, og



kjem til å være klare så fort dei tek kontakt att når dei har fått tenkt seg om😊

## DESEMBER:

Månaden starta med ei strategisamling for interesseselskapet for RV 52 der me gjorde ei oppsummering og diskuterte vegen vidare no etter at Nasjonal Transportplan er vedteken og i gang. Her vil det koma fleire spørsmål relatert til veg som politikarane i Gol må ta stilling til i framtida.

Ei av dei viktigaste tinga me som kommune gjer er å sikre at når det skjer ulykker så er me beredt til å handtere dette på ein god måte. Derfor øva me, fleire gonger, både etatar kvar for uts og saman. Tidleg desember hadde me ei stor samhandlingsøving på Storefjell på Gol. Alle dei seks kommunane var representert samt politi, brann og førstehjelpsapparatet. Dette var ei god men mest av alt viktig øving og me ynskjer å få til slike øvingar oftare, men det krev mykje av alle etatar.

Årets siste kommunestyremøte gjekk av stabelen 12 desember og var nok litt annleis enn det me er vant te. I år vart budsjettprosessen forstyrra av fleire uforutsette hendingar undervegs i haust som gjorde til at me måtte gjera ting på ein litt anna måte. Ein kan si det slik; kommunebudsjettet er delt inn i tre. Investeringar, nye tiltak og innsparingstiltak. To av desse tre delane behandla me 12 desember, nemleg investeringar og nye tiltak, mens innsparingstiltaka får me att som eige sak i januarmøterunden. Grunnen til det var at Gol kommune skulle spare ytterlegare 9 millionar enn dei 4,6 som administrasjonen alt hadde forslag om i sitt budsjettforslag i siste møterunde. 9 millionar kan ein ikkje finne over bordet i siste møterunde, det krevjast meir arbeid å få det til. Samtidig ville politikarane sitti i ein situasjon der dei gjorde vedtak utan å ha drøfta det med sine grupper eller partimedlemmer. Difor vart det altså slik i år, og innsparingane blir behandla i januar.



I eit anna ærend fekk eg tilfeldigvis med meg ei viktig og gledeleg nyheit. Frivillighetsprisen i år gjekk til Hans Eidsgård og dette vart feira på Frivilligentralen nettopp den dagen eg gjekk innom der i eit anna ærend. Men det er på sin plass og gratulera deg Hans for ein utruleg innsats gjennom mange år for lokalsamfunnet. Ei flott omtale fekk du også i Hallingdølen tidleg i desember for det arbeidet du har lagt ned i utkøyring av mat til heimebuande. Tusen takk for ein fantastisk innsats, og vonar du fortsett og ser på dette som ein inspirasjon og motivasjon til å delta framover😊



I dag står det to ting att på agendaen som eg må få gjort før jul:

1. Delta på markeringa av prosjektet Sterk og Stødig – meir omtale kjem etter jul!
2. Dele ut julekurvar saman med rådmannen til alle dei tilsette i Gol kommune som takk for innsatsen i 2017 og med ynskje om ei God Jul og eit Godt Nytt År!

Og begge delar gjer eg med glede som så mykje anna eg får lov til å gjera i jobben min!

Med denne oppsummeringa vil eg ynskje alle ei riktig god jul, må julefreden senke seg i alle hus og heimar i Gol og må alle få ein fantastisk start på året 2018 med ei triveleg nyttårsfeiring! Eg går inn i juletida med takksamheit og motivasjon til det nye året – GOD JUL!



